



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 955 996 836  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS  
Forretningsadresse: Høydalmovegen 815  
3891 HØYDALSMO

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Stine Hille  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 08.05.2023

### Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 17.07.2024



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter	1,2	481 422 000	254 850 000
Anna driftsinntekt	3	28 569 000	19 265 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>509 991 000</b>	<b>274 115 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	4	180 026 000	73 656 000
Lønnskostnad	5	8 514 000	7 995 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	11	14 359 000	13 789 000
Annan driftskostnad	6,7	45 753 000	24 705 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>248 652 000</b>	<b>120 145 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>261 339 000</b>	<b>153 970 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt	8	3 138 000	193 000
Anna finansinntekt	8	65 000	152 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>3 203 000</b>	<b>345 000</b>
Annan rentekostnad	8	3 900 000	2 205 000
Annan finanskostnad	8	6 000	4 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>3 906 000</b>	<b>2 209 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-703 000</b>	<b>-1 864 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>260 636 000</b>	<b>152 106 000</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	9	153 866 000	78 888 000
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>106 770 000</b>	<b>73 218 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>106 770 000</b>	<b>73 218 000</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte		90 000 000	0
Konsernbidrag		0	24 804 000
Overføring til/frå annan egenkapital		16 769 000	48 414 000



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Sum overføringer og disponeringar		106 769 000	73 218 000



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar	10	3 350 000	3 350 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>3 350 000</b>	<b>3 350 000</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	11	123 934 000	127 258 000
Maskinar og anlegg	11	144 649 000	136 641 000
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	11	749 000	503 000
AUU	11	-312 000	0
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>269 020 000</b>	<b>264 402 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap		179 000	179 000
Investeringar i tilknytt selskap		8 636 000	636 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd		2 315 000	2 313 000
Investeringar i aksjar og partar		29 000	29 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>11 159 000</b>	<b>3 157 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>283 529 000</b>	<b>270 909 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		685 000	274 000
<b>Sum varer</b>		<b>685 000</b>	<b>274 000</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	21	38 315 000	54 309 000
Andre krav		251 008 000	122 012 000
<b>Sum krav</b>		<b>289 323 000</b>	<b>176 321 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		76 226 000	1 022 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>76 226 000</b>	<b>1 022 000</b>




### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Sum omløpsmiddel		366 234 000	177 617 000
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>649 763 000</b>	<b>448 526 000</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital		132 740 000	100 940 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>132 740 000</b>	<b>100 940 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital	17	40 080 000	23 311 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>40 080 000</b>	<b>23 311 000</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>172 820 000</b>	<b>124 251 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt		3 126 000	2 611 000
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>3 126 000</b>	<b>2 611 000</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Obligasjonslån		0	0
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Langsiktig konserngjeld		153 000 000	150 000 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>153 000 000</b>	<b>150 000 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>156 126 000</b>	<b>152 611 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	19	0	1 821 000
Leverandørgjeld	21	40 203 000	35 398 000
Betalbar skatt	19	153 352 000	68 749 000
Skuldige offentlege avgifter	19	14 508 000	19 819 000
Utbytte	19	90 000 000	0
Kortsiktig konserngjeld	19	2 952 000	32 261 000
Anna kortsiktig gjeld	19	16 015 000	4 969 000



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Kortsiktig gjeld andelsverk	19	3 788 000	8 646 000
Meirinntekt	19		0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>320 818 000</b>	<b>171 663 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>476 944 000</b>	<b>324 274 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>649 764 000</b>	<b>448 525 000</b>



## Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

### MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til generalforsamlinga i Vest-Telemark Kraftlag AS

#### Konklusjon

Vi har revidert Vest-Telemark Kraftlag AS sin årsrekneskap som viser eit overskot kr 106 769 374. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenelege som grunnlag for vår konklusjon.

#### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om informasjonen i årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på den kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som ein skal gje etter gjeldande lovkrav.

Statsautorisert Revisjonsselskap  
Autorisert Rekneskapsførarselskap  
Adresse Vinje  
Åmotvegen 8, 3890 Vinje  
Adresse Seljord:  
Brøløvsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880  
Tlf. kontor: 35 06 27 00  
Avd. kontor Seljord:  
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt  
Statsautorisert revisor Inger Noraberg  
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud  
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid  
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo  
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@revisorteam.no  
inger.n@revisorteam.no  
toreinar@revisorteam.no  
audeva@revisorteam.no  
kristine@revisorteam.no  
elisabeth.b@revisorteam.no



## Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betydning for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen*

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Seljord, 12. mai 2023

Revisorteam Vest Telemark AS

*Siv Aarmodt*

Siv Aarmodt  
Statsautorisert revisor

Statsautorisert Revisjonselskap  
Autorisert Rekneskapsførarselskap  
Adresse Vinje  
Åmotvegen 8, 3890 Vinje  
Adresse Seljord:  
Brølosvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880  
Tlf. kontor: 35 06 27 00  
Avd. kontor Seljord:  
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt  
Statsautorisert revisor Inger Noraberg  
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud  
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid  
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo  
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann

siv@revisorteam.no  
inger.n@revisorteam.no  
toreinar@revisorteam.no  
audeva@revisorteam.no  
kristine@revisorteam.no  
elisabeth.b@revisorteam.no



VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

# Årsmelding

*for året 2022*

*82. driftsår*



## STYRETS ÅRSMELDING 2022

### HISTORISK OVERSYN

Vest Telemark Kraftlag blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltakarane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA).

I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.

VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styreval m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes.

Ei ny lovendring medførte at VTK blei omdanna til konsern med mor (VTK HOLDING) og 2 døtrar (VTK NETT og VTK KRAFT) med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. I 2022 bytte VTK NETT namn til **Telemark Nett AS** på bakgrunn av forskriftskrav.

### EIGARSKAP OG FØREMÅL

VTK AS er eit heileigd dotterselskap av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS, og er organisert med forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune. Aksjekapitalen er på 72,1 mill.kr per 31.12.22.

Føremålet til VTK er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon og breiband, - og drive med kraftsalg og kunderetta tenester. Selskapet har definert **kraftproduksjon, kraftomsetning og fiber** som sine forretningsområder. I 2022 vedtok styret å utvide aktiviteten innom kraftproduksjon til også å omfatte ny fornybar (sol og vind) og tilsette i den samanheng ein forretningsutviklar til å utvikle dette nye satsingsområdet.

Selskapet har ved utgangen av året 3 tilsette (2,4 årsverk) og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå nettselskapet (bygging og drift av fiber) og eksternt. Skafså Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA har egne driftsorganisasjonar.

## GENERELT OM ÅRET 2022

### Samandrag

Året 2022 var svært tørt fyrste 8 månader og relativt mildt. Ref. Åmdal var nedbøren 89% av normalen (81).

Temperaturen var 5,0 grader (4,0).

Kraftproduksjonen var på historisk lågmål, men ekstreme kraftprisar og 100% spotstrategi gav likevel «all time high» i inntening.

Fiberutbygginga gjekk vidare med uendra aktivitet og mange nye område fekk fibertilgang. Brutto investering på 28 mill.kr.



Selskapet hadde ei omsetning på **510 mill.kr** som er 236 mill.kr (86%) auke i høve til 2021. Resultatet etter skatt blei **107 mill.kr**, som bare er 33 mill.kr (46%) meir enn fjoråret. Årsaken til den «relative resultatnedgangen» er ein kraftig auke i skattetrykket ved at skatteprosenten for grunnrente auka frå 37% til 45% frå 1.1.2023 og ei ny avgift på produksjon (høyprisbidrag) frå 28.9.2023; - på 23% av inntekter utover 70 øre/kWh. Total meirkostnad for VTK AS er ca 28 mill.kr.

### Kraftproduksjon



VTK AS har produksjon i desse kraftverka:

Namn	Kommune	År	Middelproduksjon	Eigardel
Åmdal (Skafså)	Tokke	1953	160 GWh	67 %
Osen (Skafså)	Kviteseid	1954	85 GWh	67 %
Gausbu (Skafså)	Tokke	1996	40 GWh	67 %
Skree (Skafså)	Fyresdal	1995	40 GWh	67 %
Sundsbarm	Seljord	1971	470 GWh	8,5 %
Trontveit	Nissedal	2019	4 GWh	100 %
Naurak	Nissedal	2000	1 GWh	100 %

Normalproduksjonen er **260 GWh** på VTK si hand. Etter eit tørt år i 2021, fekk vi eit påfølgande tørt år i 2022. Dei fyrste 7 månadene er det tørraste som er målt i løpet av 125 år (ref Mykland målestasjon). Mykje nedbør utover hausten retta opp det totale bildet for året noko. Nedbøren ref Skafså gjekk frå 81% av normalen i 2021 til 89% i 2022. I juli og august var det store utfordringar med å oppfylle konsesjonsvilkåret om minst 30 m<sup>3</sup>/sekund ut av Nelaug. Naturens bidrag var heilt nede i 3 m<sup>3</sup>/sekund på det lågaste. Nødvendig tilleggs volum blei skaffa ved å tappe (produsere) frå Borsæ, noko som gav låg vasstand, men aldri under LRV. Situasjonen blei nytta til å forlenge båtutsettet.



VTK sin produksjon blei bare **170,0 GWh** (268,5 i 2021) eller omlag 65 % av normalen. Dette skuldast 2 tørre år på rad og at det blei produsert meir enn tilsiget i 2.halvår 2021 på stigande prisar. Sterke politiske signal om spare på vatnet i Q3-2022 påverka også den totale årsproduksjonen i 2022, men gav god magasinfylling inn i 2023. Det var lite vassap i 2022, kun registrert 0,38% av produksjonen. Produksjonstapet tilsvarar 1,1 mill.kr i «tapt produksjon».




### Ny kraftutbygging

I februar blei det inngått felleigeavtaler og samarbeidsavtale med grunneigarar i Birtedalen i Fyresdal kommune og i november starta utbygginga av Nye Gjøv Kraftverk i regi av Birtedalen Kraftverk AS, som er eigd 80% av VTK AS og 20% av største felleigar. Utbygginga vil gje om lag 5 GWh kraft og skal starte opp produksjon i desember 2023.

### Prisutvikling

Året 2021 gav oss stigande prisar til ein middelpriis over året på 77 øre/kWh. I 2022 har spotprisen i NO2 svinga mykje og enda med ein snittpris på 212 øre/kWh. Prissvingningane var (og er) heile tida i takt med utviklinga på produksjonskostnadene i gasskraftverka på kontinentet. Denne blir igjen styrt av prisutviklinga på gass og CO<sub>2</sub>-kvoter. Magasinsituasjonen i Norge betyr lite så lenge det ikkje er fare for flaum og vasstap.

Figurane under viser samvariasjonen mellom gasspris og spotpris i perioden januar 2021 til februar 2023.



At prisen på gasskraft har blitt så styrande for prisen i Sør-Norge skuldast kombinasjonen av nye sterke kabelforbindelsar til kontinentet og England, samt massiv nedstenging av atom- og kolkraftverk dei siste åra. Det siste som ein konsekvens av det grønne skiftet (Die Energiwende) og Parisavtala. I tillegg så har prisen på CO<sub>2</sub>-kvoter mangedobla seg og utgjør i dag omkring 50 øre/kWh for kraft produsert i gasskraftverk.

Figuren over viser utviklinga for NO<sub>2</sub> (Sør-Norge), Tyskland og Sør-Sverige. Normalt prisnivå før 2021 er også lagt inn. Ulike priser mellom områda skuldast flaskehalsar i nettet. I eit kraftsystem heilt utan flaskehalsar i alle driftssituasjonar ville alle område hatt tilnærma lik pris (Systemprisen). På starten av året låg prisen i NO<sub>2</sub> (Kristiansand) mellom 150 og 100 øre/kWh for så å auke til ca 180 øre/kWh i mars og nådde toppnivå i august med 434,5 øre/kWh. Midlare uvekta pris i NO<sub>2</sub> (Kristiansand) blei 212,7 øre/kWh, medan Systemprisen var 137 øre/kWh. Vårt område var altså 55% dyrare enn snittet på Nordpool.


## Kraftomsetning

Denne aktiviteten dekker kraftsal til sluttbrukarar, kjøp og sal av kraft m.m. frå ymse småkraftprodusentar, kraftoppdekking og balanseavrekning.

Målet er å auke talet på kundar gjennom aktivt sal både i og utanfor Vest-Telemark.

Marknadsandelen er om lag 73% både målt i volum og antal kundar. Ein nedgang også dette året, men sett på bakgrunn av det pågåande telefonsalet, som mange av våre konkurrentar driv med, så er kundelojaliteten imponerende høg. Dei kundane VTK ikkje har, er for ein stor del landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar. Målet for VTK sitt sluttbrukarsal er å gjera det enkelt, trygt og billig for kundane, samt legge til rette for lokale løysingar. Etter at produktet «standard variabel» blei lagt ned frå 15.12.2022 har vi berre eit produkt: Spot+3 øre/kWh + mva.

Resultatmålet er inntekter på linje med kostnadene, dvs driftsresultat tilnærma null. Også i 2022 blei det eit lite underskot som fylgje av svikt i dekningsbidraget på andre kontrakter enn spot med påslag og redusert volum som fylgje av forbruksnedgang.





Frå 2018 har Tokke kommune vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av konsesjonskraftverdiar til innbyggerane. I 2022 var spotprisen høgare enn pristaket på 38 øre/kWh heile året og kundar på Tokkepris betalte difor 38 øre/kWh + mva. I snitt betalte våre øvrige kundar 203 øre/kWh + mva. Hushaldskundane fekk refusjon frå Staten utbetalt via nettleiga, slik at nettoppris blei om lag 110 øre/kWh + mva.

## Økonomisk resultat Kraftproduksjon og Kraftomsetning

Kraftsal m.m.	489 mill.kr	(256)
Driftskostnader	223 mill.kr	(102)
EBITDA	266 mill.kr	(155)
Avskrivningar	3,5 mill.kr	(4)
Driftsresultat (EBIT)	262,5 mill.kr	(151)

## Fiber m.m.

VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett samt nødvendige nodebuer. Også i 2022 var det stor aktivitet med brutto investering på 27 mill.kr (29) og 18 mill.kr (21) i netto etter frådrag for tilskot. Dei største enkeltprosjekta med offentlig støtte var i Fyresdal, Seljord og Nissedal, men det var elles stor aktivitet i alle eigarkommunane.

VTK fekk i 2022 inntekter på 18,3 mill.kr (16,1) frå utleige av fiberkablur m.m. til Telefiber. Dette gav eit ordinært driftsresultat på 5,2 mill.kr (4,2), men pga etterbetaling av gravekostnader for 3 år, blei rekneskapsmessig driftsresultat -1,1 mill.kr. Totalt er det investert 243 mill.kr siste 16 år. Av dette er 57 mill.kr finansiert av diverse anleggstilskot og altså 185 mill.kr finansiert av VTK. Bokført verdi av VTK sitt fibernet er 144 mill.kr.

Driftsinntekter	21,0 mill.kr	(17,4)
Driftskostnader	11,2 mill.kr	(4,8)
EBITDA	9,8 mill.kr	(12,6)
Avskrivningar	10,9 mill.kr	(9,9)
Driftsresultat (EBIT)	-1,1 mill.kr	(2,7)

VTK eig 40% av **Telefiber AS**. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 6 tilsette. Selskapet driv med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har aktiviteten også vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverer breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal. Selskapet har om lag 6700 kundar, av desse er 4600 i VTK sitt område. Selskapet hadde i 2022 ei omsetning på 65 mill.kr og betalte 27,5 mill.kr i fiberleige til eigarselskapa.

Telefiber eig 41% av selskapet **NC-Spectrum** som held til i næringsshagen i Kviteseid. NC-Spectrum er i sterk vekst og er motoren i næringsshagen i Kviteseid. Førebels har dette selskapet ikkje betalt utbytte, men har prioritert vekst og eigenkapitaloppbygging.

## ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD

### Generelt

Resultatet er det beste nokon gong; - som fylgje av svært god inntening i kraftproduksjonen. Dette skuldast svært høge spotprisar (ca 2 kr) og 100% sal i spotmarknaden med unntak av konsesjonskraftleveringa. EBITDA auka frå 168 mill.kr til 275 mill.kr og utgjorde 54% av omsetninga på 510 mill.kr. Driftsresultatet (EBIT) auka frå 154 mill.kr til 261 mill.kr.

### Resultatrekneskaper

**Driftsinntektene** totalt er på 510 mill.kr, som er ein auke på 236 mill.kr (86%). Sjå note 1-3.

**Kraftkjøp og anna varekjøp** er på 180 mill.kr, som er ein auke på 106 mill.kr (144%). Årsaken er primært høgare kraftkjøpskostnader (Tokke kommune, diverse småkraftverk og spotkraft) pga utviklinga på spotprisen. Sjå note 4.

Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 330 mill.kr, som er ein auke på 130 mill.kr.

**Personalkostnader.** Totale personalkostnader er økt med 0,5 mill.kr (6,5 %). Sjå note 5.

**Avskrivningane** går opp med 0,6 mill.kr (4%) til 14,4 mill.kr som fylgje av årets investeringar. Jfr note 11 og **finansielle forhold** (neste side).



Eigedomsskatt og regulatoriske avgifter aukar med 11 mill.kr (Høgprisbidraget på kraftproduksjon frå 28.9.2022). Sjå note 6.

**Andre driftskostnader** aukar med 54 % til 29 mill.kr. Auken skuldast i hovudsak ekstraordinære kostnader til fellesføring for fiberaktiviteten. Jfr note 7..

**Driftsresultatet** blir med dette **261 mill.kr**, som er ein forbetring på 107 mill.kr

**Netto finanskostnader** reduseres med 1,1 mill.kr (62%) til 0,7 mill.kr. som fylgje av kraftig auke i det flytande rentenivået (NIBOR) og høgare bankbeholdning. Jfr note 8.

**Resultat før skatt** blir då **261 mill.kr** som er 109 mill.kr (71,4%) betre enn i 2021.

**Skattekostnaden** er **154 mill.kr**, herav 94 mill.kr i grunnrenteskatt. Det er i tillegg betalt 3 mill.kr i eigedomsskatt og 11 mill.kr i «Høgprisbidrag», men desse blir ført som driftskostnader. Sjå note 9.

**Årsresultatet** blir med dette **107 mill.kr**, som er + 34 mill.kr i høve til 2021.

## Finansielle forhold

### **Investeringar**

Det er i året investert for 28 mill.kr (29). Av dette er 9 mill.kr (8) finansiert av fiberkundar/kommunar. Netto investeringar i året blir då **19 mill.kr** (21), jf. Note 11.

Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:

- Kraftverka 1 mill.kr
- Fibernett 18 mill.kr

**Totalkapitalen** aukar med 201 mill.kr (40%) til 650 mill.kr. Årsaken er netto tilgang på anleggsmidlar (12 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (188 mill.kr). Det siste skuldast primært auke i kortsiktige krav og bankinnskot. Jfr note 15 og 16..

**Langsiktig gjeld** er 153 mill.kr, om lag som året før. Andelen lån frå eigarane har gått ned til 93 mill.kr som fylgje innløysing til 2 av aksjonærane. Kortsiktig gjeld aukar med 144 mill.kr til 281 mill.kr som fylgje av stor skattegjeld og avsett utbytte. Sjå note 19.

**Netto gjeld** (all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 111 mill.kr, mot 147 mill.kr året før.

**Eigenkapitalen** er ved utgangen av året var 173 mill.kr, ein auke på 49 mill.kr. Dette utgjer 26,6 % av totalkapitalen, som er ein nedgang 1,1 %-poeng.

## **VIDARE DRIFT**

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3 stadfester ein at føresetnaden om vidare drift er til stades, og årsrekneskapsloven for 2022 er sett opp under denne føresetnaden. Til grunn for stadfestinga ligg resultatprognoser for 2023 og framover, samt selskapets økonomiske og finansielle stilling.

## **DISPONERING AV ÅRSRESULTATET**

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultatet i Vest-Telemark Kraftlag AS:

### Årets disponering:

Overføring til fri eigenkapital	16,8 mill.kr
Utbytte	90,0 mill.kr
<u>Sum disponering</u>	<u>106,8 mill.kr</u>

## **TILSETTE**

VTK hadde ved utgangen av året 3 tilsette (2,4 årsverk) pluss 5 årsverk i kraftverka, dvs ca 7,4 årsverk totalt. Dette er om lag som året før. I tillegg kjem lærlingar og sommarvikarar.



## LIKESTILLING

Styret har 3 eigarvalde medlemmer, hvorav 1 kvinne og 2 menn. Av dei 7,4 årsverka totalt blei 1 årsverk utført av kvinner. VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av det lov og det generelle avtaleverket innafor Samfunnsbedriftene sitt virkeområde.

## HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidssuheit, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2022 hadde me ingen arbeidssuheit med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær i VTK på konsernnivå var **4,1%** mot 4,5% i 2021, herav 1,4% (0,5%) eigenmeldt. Gjennomsnittet siste 10 år er 3,6%. VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS. Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemd er analysert og tiltaksvurdert. Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. Dei deleigde selskapa har egne planar og rutiner.

Utgjeing etter åpenhetsloven publiserast på VTK sin heimeside innan 30.juni 2023.

**Koronasituasjonen:** VTK sette beredskap 12.mars 2020 og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald, men vi har i liten grad nytta heimekontor. I 2022 hadde vi ein god del influensa, både Korona og anna.

## YTRE MILJØ

VTK produserer eit normalår 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.

## STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

I samsvar med føremålet i vedtektene og eigarstrategien, har selskapet som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønnsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. Trontveit kraftverk stod klar i 2019 og Birtedalen kraftverk er no under bygging. Glomfoss kraftverk (Fyresvatn Dam) er under prosjektering og snart klar for sluthandsaming. I tillegg har VTK AS 2-3 andre prosjekt med konsesjon. VTK AS har på nyåret 2023 gjennomført kartlegging av mogelege areal for bygging av solkraftverk og har som mål å realisere 1-2 av desse for å få erfaring og kunnskap.

Lønsemda er heilt klart best i vasskrafta, men dersom prisane stabiliserar seg på ca 1 kr/kWh er også sol interessant. Nye kraftige straumkablur har i aukande grad kopla Norge mot prisnivået på kontinentet; - eit nivå som i lange periodar blir styrt av kostnaden ved å produsere kraft basert på kol og gass. Her er denne kostnaden i prinsippet lik summen av CO<sub>2</sub>-kvoter, gass og driftskostnader. Denne summen var ein periode i 2022 oppe i 5 kr/kWh, men har på nyåret 2023 stabilisert seg på 1,30 kr/kWh etter 80-90% prisnedgang på gass. Nivået i norske vassmagasin påverkar i liten grad prisane.

Fornybar straum blir meir og meir etterspurd og internasjonale selskap ynskjer difor å etablere energikrevjande produksjonar i Norge. Det er grunn til å tru at etterspørselen etter energi frå fornybare kjelder vil auke framover; - både nasjonalt og internasjonalt. Den store utfordringa er at sol og vind er svært arealkrevjande i høve til fossil energiproduksjon, noko som lett vil utløyse konflikt med det klassiske naturvernet.

Vekst i etterspørselen må, for å realisere ny produksjonskapasitet, gje eit prisnivå på fornybar kraft som gjer denne verksemda lønsam på sikt. Dette føreset konkurransedyktige rammevilkår.

